



Arkivnr: 2015/898-144

Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik, Tone Stedal Haugland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.01.2016

Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. Retningslinjer.

Samandrag

Slik det vart vedteke i regional kulturplan skal eksisterande tilskotsordningar på kulturfeltet gjennomgåast for å tilpasse dei betre til kulturlivet sine aktuelle behov og til dei vedteke satsingane i kulturplanen. Fylkesrådmannen har sett nærare på føremål og kriteria i ordninga *Driftstilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar på fylkesnivå*. Som fylkesrådmannen la inn i budsjettframlegget, og som var vedteke i sak 95/2015 i Fylkestinget 9.12.2015, føreslo fylkesrådmannen å gjere ordninga sterkare knytt til medlemstal og å styrke aktivitet gjennom andre tilskotspostar.

I ordninga *Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* rår fylkesrådmannen til at stønaden vert berekna ut i frå medlemstal, geografisk breidde, ungdomsmedverknad mv. Den summen som tidlegare vart fordelt med grunnlag i aktivitet er lagt inn i tilskotsordninga *Kulturtiltak barn og ungdom – amatør* under posten *Stønad etter vedtak*. Desse midlane vil vere mogleg å søkje for fleire organisasjonar og aktørar.

Slik vil dei fylkeskommunale midlane i *Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* vere reine driftsmidlar og ikkje ei blanding mellom driftsmidlar og aktivitetsstøtte. Den summen som tidlegare vart fordelt etter grunnstønad og medlemsstøtte har fått ei auke på omlag 20 %. Organisasjonane får dermed ei auke i sine frie midlar.

Fylkesrådmannen har tidlegare varsla å kome attende med politiske saker om retningslinjene for dei enkelte tilskota. Dette vert lagt fram i denne saka.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek at retningslinjer for *Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar*, slik dei er framlagt av saka, vil gjelde frå og med 2016.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele tilskotsmidlane etter desse retningslinjene. Søknad om dispensasjon skal leggjast fram for Utval for kultur, idrett og regional utvikling til handsaming før fylkesrådmannen fordeler tilskotsmidlane.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
konst fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.12.2015

Bakgrunn

Tilskotsordninga *Driftstilskot til barne og ungdomsorganisasjonar på fylkesnivå* hadde fram til 2015 følgjande føremål: *Driftsstønad til barne- og ungdomsorganisasjonar på fylkesplan som har sekretariat for heile fylket og lokallag i minst tre kommunar.* Ordninga var retta mot barne- og ungdomsorganisasjonar med minst 50 medlemmer totalt i Hordaland og med lokallag i minst 3 kommunar i Hordaland.

Retningslinene for ordninga har vore til vurdering tidlegare. Justerte retningsliner vart vedteken i Kultur- og ressursutvalet i sak 13/2015. Hordaland barne- og ungdomsråd vart informert om endringane men kom ikkje med ei tilbakemelding med synspunkt i denne saka.

I sak 60/2015 vedtok Kultur- og ressursutvalet ei førebels justering av retningsliner til *Driftsstønad til barne- og ungdomsorganisasjonar på fylkesnivå 2015*. Dette gjaldt retningsline punkt 2, delpunkt 3 «Medlem under fylte 26 år må utgjere hovuddel på medlemstal i organisasjonen» og det vart vedteken at denne skulle gjerast gjeldande frå 2016. Bakgrunnen var at det viste seg at endringa ville gje utilsikta konsekvensar for fleire organisasjonar, m.a. for Hordaland ungdomslag og Bergen og Hordaland turlag. Fylkesrådmannen skulle kome attende med ein sak om korleis organisasjonar kan tilpasse seg den nye retningslina.

I RS 62/2015 var Kultur- og ressursutvalet informert om at Fylkesrådmannen har sett på denne ordninga i samanheng med andre tilskotsordningar på kulturfeltet i Hordaland fylkeskommune. På bakgrunn av prioriterte tiltak i 13.innsatsområde i Handlingsprogram 2015 – 2018 for PREMISS: KULTUR – Regional kulturplan for Hordaland hadde Fylkesrådmannen lagt opp til endringar i budsjettframlegget der det m.a. var lagt fram forslag om å oppretta nye ordningar på kulturområdet. Fylkesrådmannen ville difor avvente handsaming av nye retningsliner til denne ordninga til budsjettet vart vedteken.

I vedteke budsjett for 2016 er driftstilskotsordninga omtalt som følgjande:

I tråd med regional kulturplan er det gjort ei gjennomgang av eksisterande stønadsordningar for å få dei til å betre kome i møte behov på kulturfeltet slik det fungerer i dag. Budsjettposten Driftstilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar har omfatta driftsstønad til for fylkesomfemnande og regionale organisasjonar, med ein tilskotsdel basert på kvantitativ utrekning i forhold til medlemstal og ein del med skjønnsbasert vurdering knytt til aktivitetar. Ein vil no sjå nærare på kriteria og vil m.a. formulere om tittelen på ordninga noko, grunna at fleire organisasjonar med eit tydeleg engasjement for unge også har medlemmer i alle aldrar og såleis ikkje kan kallast ein barne- og / eller ungdomsorganisasjon.

Det vert tilrådd at Driftstilskot til fylkesfemnande organisasjonar med barne- og ungdomssatsing berre skal knytast til medlemstal. Den summen som tidlegare vart fordelt med grunnlag i aktivitet, vert føreslege lagt inn i tilskotsordninga Kulturtiltak barn og ungdom – amatør under posten Stønad etter vedtak. Då vil desse midlane vere mogleg å søkje for fleire organisasjonar og aktørar.

Slik vil dei fylkeskommunale midlane i *Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* vere reine driftsmidlar og ikkje ei blanding mellom driftsmidlar og aktivitetsstøtte. Aktivitet må liggje i botnen i organisasjonen for å verte tilrådd driftsmidlar, men den skjønsmessige vurderinga vil ikkje lenger liggje til grunn for 50 % av midlane. Tilskot til eigne prosjekt kan organisasjonane søkje under *Kulturtiltak barn og ungdom – amatør*.

Presentasjon av tidlegare ordning med fordeling i 2015

For 2015 var det 1 559 000 kroner til rådvelde i ordninga. Den totale summen for stønad til frivillige organisasjonar for barn og unge vart delt i tre "pottar" etter følgjande nøkkel:

1. Grunntilskot, likt for alle organisasjonar: 20%
2. Hovudstønad, stønad per medlem under 26 år: 30%
3. Fri pott til skjønnsbasert fordeling: 50%

779 500 kroner, 50 % av tilskotet, vart tildelt etter ei skjønnsbasert vurdering med grunnlag i aktivitet. Grunntilskot og Hovudstønad (medlemsstøtte) utgjorde til saman 779 500 kroner. I 2016 er summen for stønad 1 000 000 kroner. Avvikling av aktivitetsstøtta medfører at grunntilskot og hovudstønad til saman vil oppleve ei auke på 22 %. Organisasjonane får dermed ei auke i sine frie midlar.

Føremål med ordninga, retningsline punkt 1

Dei frivillige organisasjonar er viktige for utvikling av demokrati og deltaking i samfunnet og det er ei tydeleg verdidimensjon som ligg i barne- og ungdomsorganisasjonane si verksemd. Fylkesrådmannen ser det som eit bærande prinsipp for forholdet mellom Hordaland fylkeskommune og organisasjonane i denne ordninga at organisasjonane skal drive barne- og ungdomsarbeid fritt etter eigne føresetnader. Fylkesrådmannen rår til ei endring i føremålet under retningslinene, og forslag til ny føremålsvedtak er som følgjer:

Føremålet med denne driftstilskotsordninga er å leggje til rette for barn og ungdom si deltaking og engasjement i organisasjons- og samfunnslivet. Ordninga skal stimulere organisasjonane til engasjement og medansvar, og sikre organisasjonane som arena for medråderett, ytringsfridom og demokrati for barn og ungdom.

Som forarbeid til den regionale kulturplanen, gjennomførte fylkeskommunen i 2013 undersøkinga *Den store kultur- og idrettsundersøkinga 2013* blant eit representativt utval av innbyggjarar i Hordaland. Undersøkinga viser at barn, og spesielt ungdom, er viktige målgrupper å prioritere i kulturpolitikken. Kulturundersøkinga indikerer at barn og ungdom som er aktive i kulturlivet, har tendens til å nå eit høgare utdanningsnivå enn om ein er inaktiv. Generelt vil høg aktivitet på kulturområdet slå positivt ut på folkehelseindikatorane, noko som gjev argument for at offentleg satsing på kultur er gunstig samfunnsøkonomisk. På bakgrunn av m.a. resultatene i denne undersøkinga vart barn og ungdom tillagt ei spesiell merksemd innan alle målområda og er eit gjennomgåande tema i kulturplanen. Denne driftstilskotsordninga har betydning for fleire innsatsområde i den regionale kulturplanen m.a. innsatsområde 3 Demokrati og kulturkritikk, innsatsområde 5 Inkludering, innsatsområdet 7 Friviljugheit og innsatsområde 28: Amatørkultur.

Under innsatsområde 3. «Demokrati og kulturkritikk» er målsetjinga å *fremje evna til å sette viktige tema i samfunnet under debatt*. I teksten står det m.a. at *Noreg har mange frivillige medlemsorganisasjonar Eit sterkt sivilsamfunn er ein viktig del av demokratiet og mangfaldet i kulturlivet. Gjennom deltaking og leiarskap i frivillige organisasjonar får born og ungdom sosial kompetanse og innsikt i og erfaring med demokratiske prosessar og samfunnsansvar. Gjennom gode opplevingar og tileigna kunnskap om natur og kultur kan engasjement om berekraftig forvaltning av våre felles verdiar vekse fram.*

Under innsatsområde 5 «Inkludering» er målsetjinga at *Kulturlivet i Hordaland skal vere prega av mangfald, likeverd og likestilling*. I teksten står det m.a. at *Hordalandssamfunnet skal ha eit mangfaldig kulturliv der menneske med ulike livsyn, frå alle sosiale lag, økonomiske livssituasjonar, fysiske og psykiske føresetnader er synlege og deltek. Økonomiske og sosiale tilhøve skal ikkje vere til hinder for barn og ungdom sin deltaking i aktivitetar. Deltaking i frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar bidreg til skoloring og leiarrekruttering, og stimulerer til engasjement og medansvar for andre. Gjennom organisasjonane har barn og ungdom ein kanal for meiningsytringar til mynde på alle nivå. Fylkesrådmannen ser det som viktig å stimulere til mangfald og breidde i organisasjonslivet, slik at barn og ungdom har fleire ulike formar for organisasjonsaktivitet å velje blant. Barne- og ungdomsorganisasjonane er også ein arena der barn og unges engasjement i samfunnsprosmål får utløp og vert kanalisert inn i samfunnsdebatten. På denne måten bidreg organisasjonane til stadig nye generasjonar aktive medborgarar med eit samfunnsansvar, og difor er barne- og ungdomsorganisasjonane så viktige for eit levande demokrati.*

Under innsatsområde 7. «Friviljugheit» er følgjande målsetjingar satt:

1. *Friviljuge lag og organisasjonar skal ha gode og føreseielege rammevilkår, og vere offensive i sine lokalsamfunn*
2. *Fleire skal delta i det friviljuge kulturlivet*

Under innsatsområde 28. «Amatørkultur» er målsetjinga at *Det frivilljuge kulturlivet skal vere mangfaldig, arbeide fritt og sjølvstendig og vere tilgjengelege for alle.*

Fylkesrådmannen ønskjer eit sterkare fokus på den eigenverdi for samfunnsutvikling og demokrati som ligg i barne- og ungdomsorganisasjonane sine verksemder. Det vart difor tilrådd at *Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* berre vert knytt til medlemstal. Ved at aktivitetsstøttedelen av ordninga (tidlegare retningsline punkt 1, del 3. «Fri pott») er tatt bort, vil all støtte til barne- og ungdomsorganisasjonane verte tildelt som ubunden grunnstøtte til organisasjonanes medlemsbaserte virke. Den summen som tidlegare vart fordelt med grunnlag i aktivitet er lagt inn i tilskotsordninga *Kulturtiltak barn og ungdom – amatør* under posten *Stønad etter vedtak*. Desse midlande vil vere mogleg å søkje for fleire organisasjonar og aktørar og det er høve for frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar kan søkje prosjektstøtte i den ordninga.

Frivillige organisasjonar utgjer verdifulle sosiale fellesskap, arenaer for læring, kompetanseutvikling og meiningsdanning. Deltaking i organisasjonslivet er sentralt for utvikling av sosial kapital og aktiv samfunnsdeltaking.

Tilskotsordningane er eit viktig verkemiddel for å støtte kulturlivet i Hordaland. Dei fylkesfemnande organisasjonane er viktige, og Hordaland fylkeskommune vil halde fram arbeidet med å stø opp om desse organisasjonane. Med eit organisasjonssamfunn i endring var det likevel, i tråd med den regionale kulturplan, naudsynt å sjå på form og innhald i tilskotsordningane og vurdere endringar som kan gje meir rom for nye aktørar med andre organisasjonsformer. Ei auke av aktivitetstilskot, kan gje større moglegheit for organisasjonar som har mange aktivitetar, men få medlemmer. Det er og viktig å skape møteplasser som femner om ei breidde i aktivitetar og som når fram til alle, uavhengig av om kva tilknytting dei evt har til organisert organisasjonsliv. Driftsstønadsordninga skal vere føreseieleg og gi handlingsrom for organisasjonane.

Kriteria for å ta i mot driftstilskot, retningsline punkt 4

Krav om medlemstal og årskontingent, delpunkt A og B

Det har tidlegare vore krav om at søkjar må vere fylkesledd med lokallag i minst tre kommunar. For at ein organisasjon skal ha eit regionalt virke, ser ikkje fylkesrådmannen at det er naudsynt med lokallag i minst tre kommunar. Hordaland fylkeskommune har eit regionalt ansvar og ein organisasjon må difor vise til regionalt virke og dette inneber at organisasjonen kan vise til aktivitet i minst 3 kommunar i Hordaland.

Årskontingent er eit beløp som vert betalt for inntil eitt kalenderår for medlemskap i ein organisasjon. Kontingent skal verte betalt for eitt år av gangen. Ved innbetaling må det komme klart fram kva år og kven årskontingenten gjeld for. Kva beløp kontingenten skal ha må organisasjonen sette sjølv. Fylkesrådmannen oppmodar til at beløpet er eit rimeleg, men naudsynt beløp for at ungdom skal ta aktiv stilling til medlemskapet. Betalt medlemskontingent vil og vere med på å avgrense dei ikkje-aktive medlemmene, noko som er med på å svekke medlemskapsomgrepet. Vidare vil betalt medlemskontingent sikre at organisasjonane har ein eigenfinansiering, og ikkje berre får sine inntekter frå tilskotsordningar.

Ein organisasjon må ha minst 50 teljande medlemmer i Hordaland. Som dokumentasjon av tal på medlemmer må organisasjonen ha eit medlemsregister. Dette registeret kan vere anten elektronisk eller manuell oversikt over alle medlemmene i organisasjonen. Fylkesrådmannen ser det som naudsynt at organisasjonane leverer lister med tal på teljande medlemmer, og det er difor naudsynt at organisasjonane i sitt register kan skilje mellom teljande og andre medlemmer (dei som er 27 år og eldre). Lista med tal på teljande medlemmer skal for kvart medlem innehalde desse opplysningane: namn, bustadadresse, fødselsår, innbetalt kontingent og eventuell tilknytting til lokallag. Medlemslista skal verte signert av leiar av organisasjonen eller av to av styret sine medlemmer. Ettersom det er eit krav om medlemsinnbetaling for eitt år av gangen, og at det skal vere synleg kven og kva år innbetalinga gjeld for, vert fleirårskontingent ikkje godteken.

Fylkesrådmannen ser ingen grunn til at medlemmer ikkje kan betale kontingent kontant. Ved kontant betaling av årskontingent til organisasjonen må personen som betaler sin kontingent signere på at det er betalt kontingent til organisasjonen. Denne dokumentasjonen må også innehalde dato for betalinga, kva år det vert betalt for og storleiken på kontingenten. Organisasjonen må også kunne dokumentere at kontingenten er motteken. Uavhengig av kva betalingsmåte som medlemmer nyttar seg av, må alltid opplysningar om teljande medlemmer og årskontingent leggast fram som dokumentasjon.

Krav om demokrati, delpunkt C, D og E

Ein føresetnad for at barne- og ungdomsorganisasjonane skal fungere som ein kanal for barn og unge sine meningsytringar er at dei har et demokratisk avgjerdssystem som fremjar medlemmene sine interesser. Fylkesrådmannen tilrår difor at ein av retningslinene omfattar at organisasjon må ha ei demokratisk oppbygging som sikrar alle teljande medlemmer som har fylt 15 år, fulle demokratiske rettigheter og lik rett til å kunne verte valt til tillitsverv i organisasjonen. Organisasjonen må vise til eigne vedtekter som klargjør føremål, sjølvstende, organisasjonsform og oppbygging for regionalledd, eventuelt også lokalledd og sentralledd dersom organisasjonen har det. I gjennomgangen av ordninga kom det fram at mange organisasjonar som har motteke driftstilskot tidlegare har eit tydeleg engasjement for barn og unge men har medlemmer i alle aldrar og såleis ikkje kan kallast ein barne- og / eller ungdomsorganisasjon. Demokratisk oppbygging difor viktig for å sikre teljande medlemmer fulle demokratiske rettigheter i organisasjonen. I dei tilfelle der teljande medlemmer utgjør mindre enn 50 % av det totale medlemstalet i organisasjonen, tilrår fylkesrådmannen til det krav om at organisasjonen må ha eit eiga styre for barne- og ungdomsarbeidet. I dei tilfelle der teljande medlemmer utgjør 50 % eller meir av det totale medlemstalet i organisasjonen, tilrår fylkesrådmannen til det krav om at organisasjonane må ha årsmelding for barne- og ungdomsarbeidet.

I FN sin konvensjon om barn sine rettar, artikkel 12, står det at barn har rett til å gje uttrykk for synspunkt i alle spørsmål som angår dei, og at desse synspunkta skal tilleggjast vekt i samsvar med barnets alder og modnad. Å styrke barn og unges innflytelse i samfunnsutviklinga har over lengre tid vore ein sentral del av barne- og ungdomspolitikken i Noreg. Fylkesrådmannen ser det som viktig at barn og ungdom vert sikra stadig betre innflytelse i dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane.

Det er dette som vert spegla att i føremålsvedtaket si formulering om at organisasjonane skal sikrast og styrkes som arena for medbestemming og demokrati, og som barns og ungdoms reiskap for deltaking i samfunnet. Driftstilskot til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar er ikkje meint å støtte einkvar form for aktivitet der vaksne driv idealistisk arbeid for barn og unge. Denne tilskotsordninga har som føremål å bidra til organisasjonsaktivitet der barn og ungdom sjølv er med på å leggje premissane for aktivitetane og til organisasjonar som fremmer barn og unge sine interesser i samfunnet. Dette inneber ikkje at frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar skal vere utan vaksne, men at vaksne leiarar i barne- og ungdomsorganisasjonane i større grad bør opptre som vegleiarar for barn og ungdom. Inngangskravet om demokrati i føremålsvedtaket må sjåast i samheng med dette føremålet. Fylkesrådmannen ser det som svært viktig at alle teljande medlemmer over 15 år i organisasjonane har like demokratiske rettigheter.

Det eksisterer i dag barne- og ungdomsorganisasjonar som ikkje er bygd opp som tradisjonelle medlemsbaserte organisasjonar. Fylkesrådmannen ser likevel ingen gode alternativ til det medlemsbaserte, representative demokrati som grunnkrav for å sikre barn og unge innflytelse i barne- og ungdomsorganisasjonane. Inngangskravet om demokrati i barne- og ungdomsarbeidet skal derimot ikkje vere til hinder for nyorientering og vidareutvikling av avgjerdssystemet i barne- og ungdomsorganisasjonane. Fylkesrådmannen føreslår difor følgjande delpunkt til retningslinene punkt 4:

Organisasjonen må ha eit demokratisk avgjerdssystem som fremmer medlemmene sine interesser. I ein organisasjon som vert tildelt driftstilskot skal alle medlemmer over 15 år ha lik rett til påverknad i dette avgjerdssystemet, og dermed lik rett til å bli valt inn i dei organ som organisasjonen har.

At medlemmer over 15 år har demokratiske rettigheter inneber at dei har lik møterett, tale- og forslagsrett, stemmerett og rett til å la seg velje som representant. Fylkesrådmannen vil presisere at ein dette betyr at alle medlemmer som har fylt 15 år kan verte velja til alle typar demokratiske verv i organisasjonen.

Delpunktet er ikkje til hinder for at medlemmer under 15 år også kan ha demokratisk påverknad, og Fylkesrådmannen vil oppmode alle barne- og ungdomsorganisasjonar til å gi barn påverknad og ansvar i samsvar med deira alder og modnad, jf. FNs konvensjon om barn sine rettigheter.

Korleis demokratikravet vert oppfylt vil organisasjonane kunne dokumentere gjennom organisasjonane sine vedtekter. Dersom søkjar er ein del av ein moderorganisasjon, skal søkjar leggje ved både eigne vedtekter og vedtekter til moderorganisasjonen. Vedtektene til moderorganisasjonen skal vere i samsvar med kriteria for denne tilskotsordninga

Berekening av driftstilskot, retningsline punkt 6

Fylkesrådmannen tilrår at kvar godkjente organisasjon får ei grunnstøtte på 5000 kroner. Dei resterande midlane vert fordelt slik:

- 20 %** i forhold til kor mange kommunar i Hordaland organisasjonen har medlemmer frå
- 40 %** i forhold til organisasjonens samla tal på teljande medlemmer i Hordaland
- 20 %** i forhold til tal på kommunar organisasjonen har aktivitetar

Fylkesrådmannen ønskjer å ytterlegare stimulere til likestilling, til medbestemming for unge og til deltaking og har difor tilrådd i retningslinene ei ekstra stimulering til dei organisasjonar som oppnår målsetjinga med likestilling og som arbeider aktivt for rekruttering og medverknad av barn og ungdom til organisasjonslivet.

Ekstra stimulans i samsvar med føremålet for ordninga:

5 % til organisasjonar der minimum 40 % av kvart kjønn er representert i styret.

5 % til organisasjonar der medlemmer under 26 år er representert i hovudstyret.

10 % der teljande medlemmer utgjer minimum 50 % av det totale tal på medlemmer i organisasjonen.

Organisasjonar som oppnår målsetjinga med likestilling og som arbeider aktivt for rekruttering og medverknad av barn og ungdom til organisasjonslivet vil oppleve ein ekstra stimulans etter nemnte faktorar.

Ein einskild organisasjon kan ikkje tildelast meir enn 10 % av den totale fordelingssummen.

Fullmakt til fylkesrådmannen

Slik retningslinene no vert lagt opp vil tildeling av tilskotssum utelukkande vere basert på kvantitative data og det vil såleis ikkje vere rom for skjønnsbasert eller kulturpolitisk vurdering. Det kulturpolitiske ansvaret er fyrst og fremst ivareteke gjennom godkjenning av retningslinene. Etter fylkesrådmannen sin vurdering vil det då vere føremålstenleg at fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele tilskotsmidlar etter retningsliner i samsvar med denne saka. Fordeling vil bli lagt fram for Utval for kultur, idrett og regional utvikling som referatsak.

Dispensasjonsordning for 2016, retningsline punkt 7

Fylkesrådmannen ser at det kan vere naudsynt med overgangsregler til nye kriteria. Einskilde organisasjonar som har fått tilskot gjennom ordninga kan ha behov for betre tid til å rette seg etter dei nye kriteria.

Det kan ved særskilte grunner verte gitt dispensasjon rundt ein skilde punkt av desse retningslinene til organisasjonar som tidlegare har fått tilskot gjennom ordninga. Denne dispensasjon kan berre gjelde for eitt år, som ei overgangsordning i 2016.

I det nettbaserte søknadsskjemaet vil det vere mogleg å søkje dispensasjon. Organisasjonar som søker dette må gjøre tydeleg kva tiltak dei vil gjere for å falle inn under kriteria ved eventuell søking til denne ordninga i 2017.

Fylkesrådmannen ser at det i spørsmålet om dispensasjon frå kriteria bør liggje til grunn ei skjønsmessig / kulturpolitisk vurdering. Dersom ein eller fleire organisasjonar søker dispensasjon, skal difor Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsame dette spørsmålet før fylkesrådmannen fordeler tilskotsmidlane.

Fylkesrådmannen vil komme attende med ei vurdering med eventuelt behov for dispensasjonsordning i 2017.

Framlegg til retningslinjer

På bakgrunn av vurderinga over, legg fylkesrådmannen fram følgjande framlegg til retningslinjer:

Retningslinjer for tildeling av Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar:

1. Føremål

Føremålet med denne driftstilskotsordninga er å leggje til rette for barn og ungdom si deltaking og engasjement i organisasjons- og samfunnslivet. Ordninga skal stimulere organisasjonane til engasjement og medansvar, og sikre organisasjonane som arena for medråderett, ytringsfridom og demokrati for barn og ungdom.

Driftstilskotet skal styrke utvikling for barn og unge i organisasjonar som består av aktivt fungerande medlemmer og der medlemmene sjølv står for utøving av verksemda. Driftstilskotet skal auke barn og unge sine moglegheiter til deltaking, medverknad, ansvar, engasjement, samfunnsinnsikt og positiv livsoppleving ved deltaking i barne- og ungdomsorganisasjonar, og styrke desse som demokratiske verksemder.

2. Kven kan søkje

Organisasjonar som kan ta i mot driftstilskot må vere frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar med regionalt virke (sjå nedanfor) og med minst 50 teljande medlemmer totalt i Hordaland fylke. *Godkjent medlemstall er tal på medlemmer som har betalt årskontingent i løpet av føregående kalenderår. Eit teljande medlem er ein person som pr. 31. desember i føregående år er under fylte 26 år.*

Regionalt virke inneber at organisasjonen kan vise til aktivitet i minst 3 kommunar i Hordaland.

For å vere definert som ein friviljug barne- og ungdomsorganisasjon under denne ordninga må organisasjonen leggje til rette for at dei unge medlemmane gjennom eigen aktivitet får høve til å utvikle seg innanfor organisasjonen sitt virkefelt.

3. Kva kan støttast

Driftstilskot kan tildelast frivillige organisasjonar med regionalt virke som ved sine vedtekter:

- a) har eit tydeleg føremål, sjølvstende, organisasjonsform og oppbygging for fylkesledd/regionalledd, eventuelt også lokalledd og sentralledd dersom organisasjonen har det,
- b) kan vise til at organisasjonen arbeider for barn og ungdom med tema som gjeld barn og ungdom, og har barn og ungdom som deltakarar i sine aktivitetar,
- c) kan vise til at organisasjonen har ein ideell (ikkje-kommersiell) målsetjing og fremme føremålet i ordninga,

- d) kan vise til at eit eventuelt overskot vil kome organisasjonen eller andre samfunnsnyttige føremål til gode,
- e) er i samsvar med norsk lovgjeving,
- f) ikkje skaper hinder for full deltaking for barn og ungdom frå alle samfunnsgrupper, uavhengig av kjønn, etnisitet, nedsett funksjonsevne eller seksuell orientering,
- g) sikrar at også medlemmer under 15 år har arenaer / organ der dei kan fremje sine synspunkt eller øve innverknad over arbeidet i organisasjonen, og
- h) kan vise til at organisasjonen har ei nettverksrolle eller er ei paraplyordning for andre grupper / lokallag i Hordaland

Følgjetekst til f):

Når det gjeld medlemskap, er det høve for at ein organisasjon kan avgrense medlemskap til dei som sluttar seg opp om organisasjonen sitt livssyn eller verdigrunnlag. Til dømes vil ein religiøs organisasjon ha høve til å avgrense medlemskap til dei med same religiøse livssyn, og ein organisasjon som kjemper mot rusmidlar vil kunne krevje at medlemmene skal ta full avstand frå rusmidlar. Når det gjeld val av tillitsvalte i organisasjonen, og arrangement / kurs o.a. i regi av organisasjonen, så kan ikkje ein person vere diskvalifisert på bakgrunn av sine mest personlege og eventuelt medfødte eigenskaper, slik som kjønn, etnisitet, seksuell legning eller nedsett funksjonsevne.

4. Kriteria for å motta driftstilskot

- A. Organisasjonen må ha minst 50 teljande medlemmer totalt i Hordaland fylke
- B. Teljande medlemmer må betale årskontingent til organisasjonen
- C. Organisasjonen må ha eit demokratisk avgjerdssystem som fremmer medlemmene sine interesser. I ein organisasjon som vert tildelt driftstilskot skal alle medlemmer over 15 år ha lik rett til påverknad i dette avgjerdssystemet, og dermed lik rett til å bli valt inn i dei organ organisasjonen har
- D. I organisasjonar der medlemmer under 26 år utgjør mindre enn 50 % av det totale medlemstalet, må organisasjonen ha eit eige styre for barne- og ungdomsarbeidet
- E. Organisasjonen må ha organisasjonsnummer, eiga budsjett, årsmøtevalt styre og handsame styret sitt årsrekneskap og årsmelding. Organisasjonar som skildra i punkt D. må ha årsmelding for barne- og ungdomsarbeidet
- F. Dersom organisasjonen har fleire enn eitt regionaledd i Hordaland, vil det vere øvste leddet i Hordaland som er rett mottakar av driftstilskotet
- G. Dersom søkjar er ein del av ein moderorganisasjon, skal søkjar leggje ved både eigne vedtekter og vedtekter til moderorganisasjonen. Vedtektene til moderorganisasjonen skal vere i samsvar med kriteria for denne tilskotsordninga

Organisasjonar som fell utanfor denne ordninga / Det vert ikkje tildelt støtte til:

1. Organisasjonar som har idrett/sportslek eller mosjon som sin hovudaktivitet
2. Organisasjonar som har kommersielle aktivitetar som sin hovudaktivitet
3. Organisasjonar som har diskriminerande innhald i sine vedtekter og / eller aktivitetar
4. Organisasjonar med tidsavgrensa føremål
5. Særorganisasjonar for barn og unge under utdanning
6. Organisasjonar som har aktivitetar som er knytt til eller integrert i utdanningstilboda si undervisning
7. Organisasjonar som får driftstilskot etter budsjettvedtak i Hordaland fylkeskommune

5. Krav til søknaden

- A. Søkjar må nytte nettbasert søknadsskjema
- B. Søknadsfrist er ein gong kvart år. Organisasjonar som leverer søknad etter søknadsfrist vil ikkje verte handsama til vurdering av driftstilskot det året
- C. Søkjar skal leggje ved siste godkjente årsmelding, rekneskap, medlemsliste og vedtekter for organisasjonen

6. Berekening av driftstilskot

Driftstilskotet vert rekna ut frå følgjande faktorar til godkjente søkjarar:

Grunnstønad: 5000 kroner per organisasjon

20 % i forhold til kor mange kommunar i Hordaland organisasjonen har medlemmer frå

40 % i forhold til organisasjonens samla tal på teljande medlemmer i Hordaland

20 % i forhold til tal på tal på kommunar organisasjonen har aktivitetar

Ekstra stimulans i samsvar med føremålet for ordninga:

5 % til organisasjonar der minimum 40 % av kvart kjønn er representert i styret.

5 % til organisasjonar der medlemmer under 26 år er representert i hovudstyret.

10 % der teljande medlemmer utgjer minimum 50 % av det totale tal på medlemmer i organisasjonen.

Organisasjonar som oppnår målsetjinga med likestilling og som arbeider aktivt for rekruttering og medverknad av barn og ungdom til organisasjonslivet vil oppleve ein ekstra stimulans etter nemnte faktorar.

Ein einskild organisasjon kan ikkje tildelast meir enn 10 % av den totale fordelingssummen.

7. Dispensasjonsordning i 2016

Hordaland fylkeskommune ser at det kan vere naudsynt med overgangsregler til nye kriteria.

Det kan ved særskilte grunner verte gitt dispensasjon rundt ein skilde punkt av desse retningslinene til organisasjonar som tidlegare har fått tilskot gjennom ordninga. Denne dispensasjon kan berre gjelde for eitt år, som ei overgangsordning i 2016.

I det nettbaserte søknadsskjemaet vil det vere mogleg å søkje dispensasjon. Organisasjonar som søker dette må gjere tydeleg kva tiltak dei vil gjere for å falle inn under kriteria ved eventuell søking til denne ordninga i 2017.

Fylkesrådmannen vil komme attende med ei vurdering med eventuelt behov for dispensasjonsordning i 2017.

8. Klage

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre veker.

Fristen vert rekna frå den dagen organisasjonen tok i mot melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans.

9. Kontroll

Hordaland fylkeskommune skal ha høve til å kunna ta stikkprøvekontrollar av oppgjevne medlemstal.

Ved grove feil i søknaden har Hordaland fylkeskommune mynde til å trekkje all støtte til organisasjonen. Stønaden blir også trekt dersom ein organisasjon ikkje møter til avtalt tidspunkt for kontroll.